

## **Protokoll frå årsmøte i Bygdelaget 5915 , 28 mars 2025**

Stad: Ungdomshuset på Hjelmås

### **1. Val av møteleiar og to til å skriva under årsmøteprotokoll**

Inger Helen Midtgård vart vald til møteleiar og Sidsel Styve til skrivar. Wenche M. Grønnevik og Gunnar Angelskår vart valt til å underskrive møteprotokoll.

### **2. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og og sakliste vart godkjent. Det var fire innkomne saker, innan fristen.

### **3. Årsmelding 2024**

Årsmeldinga vart lest opp og godkjent.

### **4. Rekneskap 2024**

Kasserar gjekk igjennom rekneskapen. Den var revidert og funnen i orden. Rekneskapen for 2024 vart godkjent i årsmøtet.

### **5. Innkomne saker:**

#### *1) Presisering av Bygdelaget si rolle som høyringsorgan*

Det hadde kome inn eit forslag om ei presisering av Bygdelaget sitt ansvar som høyringsorgan. Styret hadde eit framlegg til vedtak om korleis dette skal gå føre seg i praksis. Dette framlegget vart vedteke med små endringar, og vert lagt ut på bygdelaget si heimeside som eigen informasjon.

#### *2) Gladihaugpokalen: Behov for endring av statuttar?*

Det hadde kome inn eit forslag om å endre på statuttar for Gladihaugpokalen, med bakgrunn i at ein no må gå langt ned på lista for antal turar, sidan dei ivrigaste allereide har fått pokalen før. Det vart bestemt i årsmøtet å innføre 5 års kanantene, og at ein deretter kan få pokalen på nytt. Dette vert innført frå 2026.

#### *3) Forslag om Logokonkurrans for bygdelaget*

Styret ynskjer å invitere til ein logokonkurrans, der medlemmar blir invitert til å koma med forslag til eigen logo for Bygdelaget 5915. Årsmøtet støtta dette, og det kjem info. på heimesida.

#### *4) Støtte til Eikanger bygdelag sitt innspel angående gang og sykkelveg frå hagesenteret til Fyllingsnes*

Eikanger bygdelag har tatt kontakt og bede om støtte til eit innspel til kontaktutvalet for Nordhordalandspakka, om å få fortgang i planane om gang og sykkelveg frå

hagesenteret til Fyllingsnes. Årsmøtet vedtok å støtte dette og sende inn eit tilsvarande innspel, men i nedkorta form.

## **6. Handlingplan 2024-2026**

Handlingsplanen vart gått igjennom, den vart vedteken for to år i 2024, og står ved lag. I tillegg vart det vedteke i årsmøtet å trekke ein liten premie på 17 mai frå navna i turboka i Myråsen, sidan denne turløypa er mykje i bruk og har blitt oppjustert av bygdelaget gjennom dugnadar.

## **7. Budsjet 2025**

Budsjettforslag vart gått igjennom av kasserar og godkjent.

## **8. Val**

Kjell Synnevåg la fram valnemda si innstilling. Innstillinga vart godkjend og ser slik ut:

### **Styret:**

Inger Helen Midtgård leiar, (attval 2 år)

Osvald Fyllingen (attval 2 år)

Mathias Midtgård Håland (attval 2 år)

Eivind Ertesvåg (ikkje på val)

Wenche Merete Grønnevik (ikkje på val)

Frode Grøttveit vara (ny 2 år)

Andreas Dyngen vara (ikkje på val)

### **Valkomite:**

Cathrine Gangstø (attval 2 år)

Kjell Synnevåg (attval 2 år)

Arnhild Tvete (ikkje på val)


Gunnar Angelskår vara (ikkje på val)

### **Revisor:**

Styret får fullmakt til å oppnevne revisor.

Hjelmås 28.03.25

  
Gunnar Angelskår

  
Wenche M. Grønnevik